



KLOAKKRENSSEANLEGG HOVDEN
Bykle kommune Rådhuset
4754 Bykle

Sakshandsamar::

Ildikó Nordensvan

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Hartevatn renseanlegg

Kontrollnummer: 2021.132.I.SFAG

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Bjørn Einar Andersen, fagleder VA

Frå Statsforvaltaren i Agder:

Ildikó Nordensvan

Andre deltakarar frå Bykle kommune

Signe Berit Sollien Haugå, plansjef/konst.
kommunedirektør,

Eirik Birkeland, tenesteleiar teknisk drift- og
eigedom

*Andre deltakarar frå Statsforvaltaren i
Agder:*

Ole Martin Aanonsen

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Hartevatn renseanlegg den 6. oktober 2021. Sluttmøtet blei gjennomført den 14. oktober. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Agder avdekkja 3 avvik og det blei ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

Avvik:

1. Miljørisikovurdering er ikkje oppdatert og har mangel.
2. Kommunen har ikkje rekna ut verknadsgrad for avløpsnett.
3. Det er ikkje skriftleg presisert ansvar for oppfølginga av vilkår i utsløppsløyve.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

11. november 2021	Ildikó Nordensvan	Veronica Skjævestad
dato	kontrollør	faggrupeleder forurensning
	Statsforvaltaren i Agder	

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: KLOAKKRENSEANLEGG HOVDEN	
Organisasjonsnr.: 993314331	Eigd av: 974641615
Bransjenr. (NACE-kode): 37.000 - Oppsamling og behandling av avløpsvann	

Kontrollert eining

Namn: Hartevatn renseanlegg	Anleggsnr.: 4222.0014.01
Kommune: Bykle	Fylke: Agder
Anleggsaktivitet: Avløpsnett og -rensing	
Løyve gitt: 10. desember 2008	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsette i eller med heimel i forureiningslova vert overhalde. Inspeksjonen inngår i Miljødirektoratet sin nasjonale tilsynsaksjon for kommunale avløpsanlegg.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

Føremålet med tilsynet er å kontrollere at kommunane tar sitt ansvar for at avløpsanlegga inklusive leidningsnett er innretta i tråd med regelverket.

Det er også føremål å gjere kommuneleiinga merksam på ansvar for heilskapleg planlegging for avløpssektoren.

Inspeksjonstema

- overordna styring og planlegging,
- kunnskap om regelverk og myndigheitskrav
- kommuneleiinga si forståing av mål og krav og korleis dei sikrar seg god nok oversikt over eigne utslepp og påverknad på miljøet,
- kommunal planlegging og oppfølging av krav til internkontroll for ytre miljø
- korleis kommunen sikrar at avløpssystemet fungerer godt, og at krav blir overhalde både no og i framtida
- oversikt over tilstanden til avløpssystemet
- overvaking av resipienten

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekkja under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Hartevatn renseanlegg pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunna avslutte saka, ber vi om innan 31. januar 2021 å få tilsendt ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta, og kva for tiltak som er gjennomførde eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post sfagpost@statsforvalteren.no til Statsforvalteren i Agder v/Ildikó Nordensvan.

1. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 22. juli 2021. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta § 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Hartevatn renseanlegg betale eit gebyr på kr 50 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-8. Dette svarer til gebyrsats 5 for fleirdagstilsyn. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Agder. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

4. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Agder (jf. offentleglova).

5. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Miljørisikovurdering er ikkje oppdatert og har mangel.

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 pkt. 6.

Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) kapittel 18 Tanklagring av farlige kjemikalier og farlig avfall.

Kommentarar:

I følgje internkontrollforskrifta skal kommunen ha ei skriftleg miljørisikovurdering for avløpsanlegget. Miljørisikovurdering skal innehalde ein kartlegging av farar og problem og på denne bakgrunn må ein gjera ei vurdering av risiko. Risiko som overskrid akseptkriterium skal følgjast opp i ein forpliktande handlingsplan og tiltak skal gjennomførast for å redusera risikotilhøva. Risikovurderingane og handlingsplanen skal oppdaterast jamnleg. Handlingsplanen skal innehalde tidsfristar og ansvarlege for tiltak. Miljørisikovurdering skal vere forankra i leiinga.

For Hartevatn avløpsanlegg er det utarbeidd fleire styrande dokument:

- ein ROS-analyse frå 2015, med små revideringar i 2018. Dette dokumentet er berre ein risikoanalyse, og det manglar tiltak med tidsfristar og ansvarleg for å gjennomføre dei naudsynte tiltaka for å redusere risiko.
- ROS-analyse tryggleik og beredskap frå 2018. Dette dokumentet omfattar tiltak for å redusere risiko og har delvis tilknytning til den ovannevnde ROS-analysen.
- Hovudplan VA og handlingsplanar for 2018-2022 er under revidering. Handlingsplanar i dette dokumentet er bygd på erfaringar, avdekka avvik o.l., men har ikkje tilknytning til risikoanalysar frå 2015 og 2018.

Dei styrande dokumenta har lite samanheng og dermed er det vanskeleg å sjå korleis kommunen brukar ROS-analyse for å utarbeide planar og prioritere tiltak.

Om tanklagring

Miljørisikoanalyse manglar òg vurdering av kjemikalielagring. Forureiningsforskrifta kapittel 18, *Tanklagring av farlige kjemikalier og farlig avfall* (tanklagringsforskrifta) stiller krav om at tankanlegg som er over 2 m³ for lagring av faremerka kjemikalie skal vere risikovurdert. Risikovurderinga skal omfatte tankar, tilknytt utstyr, installasjonar, operasjonar og eventuelle eksterne påverknader. De finn rettleiar til tankforskrifta på Miljødirektoratet si side: *Veiledning til Tankforskriften (M-536)*.

Avvik 2

Kommunen har ikkje rekna ut verknadsgrad for avløpsnett.

Avvik frå:

Utsleppsløyve av 20.12.2008 pkt. 2.5 *Overløp og andre utslepp*
Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) § 14-5
Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 pkt. 7

Kommentarar:

Utslepp pga. lekkasjar, feilkoplingar o.l. skal oppgjevast av Bykle kommune på grunnlag av utrekna verknadsgrad for transportsystemet, om ikkje betre metodar blir brukt. Forureiningsforskrifta stiller òg krav om å ha oversikt over leidningsnett og problemsoner.

Kommunen har god oversikt over leidningane i transportsystemet. Leidningsnett er relativt nytt og følgjer kommunens VA-norm. Heile leidningsnett er separert. Det er likevel innlekk av overvatn til avløpsleidningane gjennom kumlokka. Ved store nedbørsmengder eller snøsmelting gjev framandvatn ei utfordring. Delar av avløpsnett er underdimensjonert, som gjer at det er kapasitetsproblem ved tilkopling av nye hytteområde.

Bykle kommune TV-filma ein del av avløpsnett for nokre år sidan, men det blei ikkje gjort ein systematisk og fullverdig kartlegging av innlekk av overflatevatn. Det finst ikkje dokumentasjon på verknadsgrad for avløpsnett slik utsleppsløyvet krev.

Kapasitetsproblem og underdimensjonering av avløpsnett er delvis omtalt i risikoanalysane frå 2015/2018 og hovudplan for 2018-2022/2028. Det kom fram ved tilsynet at den reviderte hovudplanen for 2022-2032 setter fokus på kapasitet i leidningsnett samt vil i tillegg ta opp utfordringa med fortetting og underdimensjonert avløpsleiing.

Avvik 3

Det er ikkje skriftleg presisert ansvar for oppfølginga av vilkår i utsleppsløyve.

Avvik frå:

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta) § 5 pkt. 5.

Kommentarar:

Internkontrollforskrifta § 5 pkt. 5 presiserer at ansvar og fordeling av oppgåver skal dokumenterast skriftleg.

Oppfølging av vilkår i utsleppsløyve er munnleg avklart, men dette kommer ikkje fram i kommunens delegasjonsreglement og/eller i internkontroll. Delegasjonsreglementet listar opp berre utvalde paragrafer etter forureiningslovgivinga.

6. Andre kommentarar

Om utsleppsløyve for Hartevatn slambehandlingsanlegg – Varsel om oppheving av løyve

Det står i løyve for slambehandlingsanlegget, datert 28.6.2016 at *«dersom heile eller vesentlege deler av løyve ikkje er teken i bruk innan 4 år etter at løyve er gjeven, skal verksemda sende ei utgreiing om verksemda sitt arbeidsomfang slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyve.»*

Det er ikkje konkret plan for å realisere slambehandlingsanlegget, og vi varslar difor at vi vurderer å tilbakekalla utsleppsløyvet for anlegget.

Bykle kommune kan gi kommentar til dette varselet innan 3 veker.

Bemanningsituasjon og sårbarheit

Etter Statsforvaltaren sitt syn er VA-avdelinga sårbar og avhengig av personell med inngåande kunnskap om reinseanlegget og avløpsnettet. Ved utskifting av personell eller langvarig sjukdom står kommunen i fare for å miste kontinuitet og sentral kompetanse i avløpsarbeidet.

2. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolllova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

Framlagd dokumentasjon som vart nytta for å verifisere faktiske tilhøve:

- Hovedplan VA 2018 – 2022/2018
- Hovedplan VA 2022 – 2032 med handlingsplaner 2022-2032 med tilhøyrande kartreferansar (ikke vedtatt pr. tilsynsdato)
- Avvik 2020 og 2021
- Risikoanalysar av 01.03.2015 (gjennomgått utan endringar 2.3 2018)
- ROS-analyse tryggleik og beredskap frå 2018
- Delegeringsreglement for Tenesteleiar Teknisk drift og eigedom
- Resipientundersøkelse Hartevatn, Prosjektnummer 29913001, Sweco 12.4.2018